



Vedlegg til Regionalplan for kulturmiljø

Handlingsprogram 2026-2028

Vedteken i fylkestinget 10. desember 2025

Regionalplan for kulturmiljø

Handlingsprogram 2026 -2028

Regionale planar skal ha eit handlingsprogram for gjennomføring. Dette skal byggje på måla og strategiane i planen. Handlingsprogrammet er i hovudsak kortsiktig, med ein tidshorisont fram til 2028, men enkelte tiltak har ein meir langsiktig karakter. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg og samordnast med fylkeskommunen sin økonomiplan. For kvart tiltak er det peikt ut ansvar og samarbeidspartnarar.

Som overordna prinsipp vil Rogaland fylkeskommune prioritere nye tiltak og utviklingsprosjekt der fleire aktørar går saman om planlegging, finansiering og gjennomføring, og der prosjekta bidreg til å nå måla i planen. Fylkeskommunen kan bidra med finansiering, men vil òg ha rolla som koordinator, igangsetjar, deltakar og rettleiar.

Den samla disponible ramma for 2026 er om lag 3,65 millionar kroner, inkludert overførte midlar frå tidlegare år. Den ordinære budsjettamma i økonomiplanen til nye tiltak i 2026 er 2,54 millionar kroner, medan midlar frå tidlegare mindreforbruk gjer det mogleg å vidareføre og fullføre fleire fleirårige tiltak. Tilskot til utviklingsprosjekt på kulturmiljøfeltet (1 mill. kr) og stipendordninga for tradisjonshandverk (150 000 kr) ligg utanfor handlingsprogrammet, men inngår i den samla satsinga på kulturmiljøområdet.

Visjon: Rogaland tek vare på – og verdset – kulturmiljøa sine som viktige ressursar i ei berekraftig samfunnsutvikling.

Mål 1: Mangfold

I Rogaland tek me vare på eit mangfold av kulturmiljø slik at spor frå heile historia om Rogaland, frå steinalder og fram til i dag, kan opplevast, brukast og gje kunnskap – no og i framtida.

Strategi 1A -bevaring og utvikling

Bevare og utvikle eit utval kulturmiljø av ulike typar og frå alle historiske epokar

Me skal

- sikre og bevare kulturmiljø og -landskap av særleg regional og nasjonal interesse gjennom god planlegging, vern og forvalting
- styrke fylkeskommunen si rolle som utviklingsaktør på kulturmiljøfeltet
- følgje opp regionale planretningslinjer i vidare statleg, fylkeskommunal og kommunal planlegging og verksemd

	Tiltak	Hovudansvar	Varigheit	Status	Skildring	Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar
1A.2	Maktas hamn, Avaldsnes	Arkeologisk museum (UiS) og Stavanger maritime museum, Rogaland fylkeskommune, Karmøy kommune og private aktørar er samarbeidspart	2023-2028	Iverksett	Forskningsprosjektet Maktas, eit pilotprosjekt under dei nasjonale bevaringsstrategiane, skal styrkje formidling og engasjement kring kulturmiljøa ved Avaldsnes/Karmsundet. Rogaland fylkeskommune deltek med fagleg medverknad og koordinering, i tett samanheng med UNESCO-prosessen for Storhaug og verdiskapingsprosjektet Leidangens kulturmiljø. Arbeidet på Storhaug blir ført vidare i samarbeid mellom Karmøy	Administrative ressursar

		narar og inngår i prosjektgruppa			kommune, grunneigarar, Arkeologisk museum, Riksantikvaren og fylkeskommunen. Ekspertbefaring vart gjennomført våren 2025, og arbeidet går no vidare med visualisering og moglegheitsstudie. Riksantikvaren gir si tilråding til regjeringa i desember 2025, medan eventuell innskriving på Noregs tentative verdsarvliste tidlegast i 2029. I 2026 skal Rogaland fylkeskommune bidra i arbeidet med visualisering av Storhaug og vurdere korleis Maktas hamn og Leidangens kulturmiljø kan samordnast med andre satsingar.	
1A.3	Utarbeide oversikt over objekt som er aktuelle for freding i Rogaland	Rogaland fylkeskommune	2024-2026	Iverksett	Rogaland fylkeskommune har utarbeidd ein fagleg strategi og prioriteringsliste for framtidig freding, med vekt på kystkultur, industrihistorie og nasjonale minoritetar. Arbeidet vart presentert på fredingsmøtet hos Riksantikvaren i august 2025 og trekt fram som døme til etterfølging. I 2026 skal strategien forankrast internt og rutinar for varsling og oppstart av nye fredningssaker etablerast. Det blir halde dialogmøte med eigarar og kommunar om dei høgast prioriterte objekta. Strategien skal òg gjerast tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider som kunnskapsgrunnlag og administrativt verktøy.	Administrative ressursar

Strategi 1B – eigarar og forvaltarar

Bidra til at eigarar og forvaltarar av kulturminne kan ivareta desse på ein god måte

Me skal

- ha treffsikre nasjonale, regionale og kommunale støtteordningar til bevaring av kulturmiljø og gjere dei meir kjende for målgruppene
- gje eigarar og forvaltarar tilgang til gode rådgjevingstenester, informasjon og kursing innanfor arkeologi, bygningsvern, fartøyvern og kulturmiljøvern
- bidra til å sikre gode rådgjevingstenester innan bygningsvern for eigarar i heile fylket.

	Tiltak	Hovudansvar	Varigheit	Status	Skildring	Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar
1B.1	Vidareutvikle tilbodet om rådgivingstenester for bygningsvern	Rogaland fylkeskommune	2026-2027	Iverksett	Pilotprosjektet i Ryfylke og på Haugalandet er evaluert i 2025 med gode resultat. I 2026 blir det etablert ei mellombels, fylkesdekkjande rådgivingsteneste via regionsmusea i Ryfylke, Haugalandet og Dalane. Midlane blir fordelt likt mellom musea (500 000 kr kvar). Samstundes blir det sett i gang eit arbeid med å utvikle ein berekraftig modell for ei framtidig, permanent teneste. Modell og finansiering skal avklarast fram mot rulleringa av handlingsprogrammet for 2027.	1 500 000

1B.2	Dialogmøte og informasjonsmøte for grunneigar, forvaltarar og andre aktørar	Rogaland fylkeskommune, Statsforvaltaren	Heile planperioden	Iverksett	Fylkeskommunen har delteke på seminar og konferansar, men eigne informasjonsmøte for grunneigarar i landbrukssektoren står att. Tiltaket blir vidareført som ei løpande oppgåve i samarbeid med Statsforvaltaren. Målgruppa er eigarar og organisasjonar knytt til arkeologiske kulturminne, freda og verneverdige bygg, anlegg og fartøy. I 2026 skal fylkeskommunen arrangere og delta i møte gjennom UKL-samarbeidet og Vinterlandbruksskulen, med tema som kulturminne i jordbruksområde, forvaltning i aktiv drift og tilskotsordningar. Arbeidet skjer i samarbeid med Statsforvaltaren, Bondelaget og kommunale landbrukskontor for å styrkje dialog og eigarskap til kulturmiljøarbeidet.	Administrative ressursar
1B.4	Rettleiing og praktisk informasjon til grunneigar, tiltakshavar og kommunar	Rogaland fylkeskommune	2025-2026	Iverksett	Det blir utarbeidd ei enkel rettleiing som forklarar kva saker som skal sendast til fylkeskommunen, kva hjelp ein kan få, og kva opplysningar som trengst. Arbeidet er starta, og i 2026 skal vi ferdigstille og publisere ein samla, klarspråkleg ressurs med informasjon om sakstypar, kontaktpunkt og dokumentasjonskrav – for meir effektiv forvaltning og betre brukaroppleving.	Administrative ressursar

Strategi 1C - tradisjonar og tradisjonshandverk

Stimulere til at tradisjonar og tradisjonshandverk blir haldne levande

Me skal

- legge til rette for bevaring, vidareføring og dokumentasjon av immateriell kulturarv
- legge til rette for at handverkarar kan lære seg tradisjonshandverk gjennom kursing, stipend og utdanning
- legge til rette for samarbeid og møteplassar mellom offentleg forvaltning, museum, frivillige organisasjonar, stiftingar, bedrifter og vidaregåande skular om bevaring av tradisjonshandverk.

	Tiltak	Hovudansvar	Varigheit	Status	Skildring	Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar
1C.1	Etter- og vidareutdanningstilbod i tradisjonshandverk	Rogaland fylkeskommune	2023-2026	Iverksett	Tenesteområdet opplæring har kartlagt moglegheiter for utdanningstilbod i tradisjonshandverk i Ryfylke, i tråd med politisk bestilling (OU-sak 2/24). Samarbeid med Ryfylkemuseet og Sauda vgs. har resultert i eit fagopplegg for Vg2 bygningsvern og tradisjonshandverk, men planlagt pilot i 2025/26 blei ikkje vedteken. I 2026 blir tiltaket ført vidare for å vurdere alternative løysingar og samarbeid, til dømes med andre fylke eller gjennom eksisterande ordningar. Eit forprosjekt skal vurderast i budsjettprosessen for	Administrative ressursar

					2026, med mål om å leggje grunnlag for eit varig utdanningstilbod i tradisjonshandverk.	
1C.2	Kurs i restaurering og tradisjonshandverk	Rogaland fylkeskommune, museum, frivillige organisasjonar og kommunane	2024->	Iverksett	Tiltaket skal styrkje kompetansen innan tradisjonshandverk gjennom kurs og faglege møteplassar i samarbeid med museum, frivillige og kommunar. Rogaland fylkeskommune deltek i referansegruppa for Læringsarena Sør-Vest, eit samarbeid som skal sikre varig kompetansedeling og fagleg utvikling i bygningsvern. Tiltaket blir vidareført som ei løypande satsing.	200 000

Strategi 1D – klimaendringane

Verne kulturmiljø mot effektane av klimaendringane og bidra til at kulturminne blir brukte i klimainnsatsen

Me skal

- styrke kunnskapsgrunnlaget om kva slags effekt klimaendringane har på viktige kulturminne og kulturmiljø i Rogaland
- utføre naudsynte klimatilpassingar på sårbare kulturmiljø og kulturminne
- legge til rette for gjenbruk, vidare bruk og klimatiltak på eldre bygg gjennom rettleiing og informasjon.

	Tiltak	Hovudansvar	Varigheit	Status	Skildring	Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar
1D.2	Gjennomføre analyse for risiko- og sårbarheit for viktige kulturminne og kulturmiljø.	Kommunane	2025->	Iverksett	I 2026 blir det gjennomført fagseminar og publisert ei rettleiing for kommunar som skal inkludere kulturmiljø i ROS-arbeid. Vi bidreg med eksempel, kartgrunnlag og innsikt frå tidlegare prosjekt (som Klimathon og EØS-pilotane).	Administrative ressursar 100 000 i eksterne midlar

Mål 2 – Kunnskap

I Rogaland har me god kunnskap om kulturmiljøa våre og korleis dei bidreg til å gje eigenart og identitet til stader og folk.

Strategi 2A – kulturminne i kommunane

Styrke arbeidet med kulturmiljøforvaltning i kommunane

Me skal

- legge til rette for kurs og seminar og møteplassar mellom fylkeskommunen, kommunar og andre aktørar
- sette kulturmiljø på den kommunale dagsordenen, og legge til rette for lokal bevaring og bruk av kulturmiljø.

	Tiltak	Hovudansvar	Varigheit	Status	Skildring	Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar
2A.1	Kurs i kulturmiljøforvaltning –tilrettelagt for den enkelte kommune	Rogaland fylkeskommune	2023-2027	Iverksett	Kursopplegget byggjer på erfaringar frå tidlegare Viken fylkeskommune og er testa ut i fleire kommunar i Rogaland. Etter eit felles seminar for alle kommunar i 2024 (i samarbeid med Riksantikvaren) blei tiltaket frå 2025 integrert i fylkeskommunens rettleiingsarbeid og arbeid med stadutvikling. I 2026 blir arbeidet samordna med ny avdeling for plan og kulturmiljø for å sikre meir samla støtte til kommunane. Det skal utarbeidast ein plan for vidare innsats, og tiltaket inngår i	Administrative ressursar

					fylkeskommunens veiledningsrolle for å gi målretta fagleg støtte – særleg til kommunar med avgrensa ressursar.	
2A.2	Arrangere årlege seminar med ulike tema for kommunane og andre aktørar	Rogaland fylkeskommune	Heile planperioden	Iverksett	Tiltaket vidarefører KIK-satsinga med årlege seminar om aktuelle tema. Våren 2025 blei det arrangert seminar om landbrukets kulturmiljø, og vinteren 2025/26 er tema ROS-arbeid. I 2026 blir det gjennomført minst to seminar – eitt om våren og eitt om hausten – i samanheng med andre KIK-relaterte kurs og samlingar. Seminarserien inngår i det samla kompetansearbeidet og bidreg til eit felles fagleg løft i fylket.	Administrative ressursar 100 000 i eksterne midlar
2A.3	Oppdaterte kommunale kulturminneplanar i alle kommunane	Kommunane	Heile planperioden	Iverksett	Alle kommunar i Rogaland, bortsett frå éin, har kulturminneplan, men fleire treng oppdatering. Fylkeskommunen oppmodar kommunane til å prioritere dette arbeidet, som er ei kommunal oppgåve med tilskot frå Riksantikvaren. I 2025 fekk Haugesund, Sokndal og Tysvær støtte. I 2026 vil fylkeskommunen følgje opp kommunar med utdaterte planar gjennom målretta rettleiing og faglege innspel, i	Administrative ressursar

					koordinering med Riksantikvarens tilskotsordning.	
2A.4	Opprette kommuneantikvar/ regionantikvarstillinger i kommunane	Kommunane	2023->	Ikkje iverksett	Tiltaket er foreslått etter innspel frå fleire kommunar i planprosessen. Å opprette slike stillingar er ei kommunal oppgåve, men fylkeskommunen kan bidra ved å setje temaet på dagsorden og leggje til rette for samarbeid og dialog mellom kommunar.	Administrative ressursar

Strategi 2B - formidling

Formidle kunnskap om kulturmiljø og historie breiare, meir engasjerande og meir effektivt

Me skal

- bidra til at kulturmiljø i større grad kan bli formidla gjennom skulen, friluftsliv, ulike arrangement og av ulike aktørar
- legge til rette for fysisk skilting og digital formidling av kulturminne i landskap og kulturmiljø
- bidra til at meir formidling skal vere tilgjengeleg for flest mogleg
- gjere kunnskap og informasjon om kulturarv og kulturmiljø tilgjengeleg for publikum gjennom gode digitale tenester.
- samarbeide med friluftsråd og frivillige organisasjonar om å informere om kulturminne som turmål, både i tettbygde strøk, langs kysten, i kulturlandskapet og i hei- og fjellområde.

	Tiltak	Hovudansvar	Varigheit	Status	Skildring	Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar
2B.2	Utvikle rettleiar for skoler om å ta i bruk og formidle lokale kulturminne	Rogaland fylkeskommune i samarbeid med Universitetet i Stavanger	2025-2028	Iverksett	I samarbeid med Universitetet i Stavanger blir det utvikla ein rettleiar med undervisningsopplegg og fagstoff om lokale kulturminne. Rettleiaren koplar kulturarv til tema som identitet og berekraft og blir prøvd ut hausten 2025 før lansering våren 2026. I 2026 skal fylkeskommunen bidra til å etablere eit fagleg nettverk for lærarar og museumspegagogar i Rogaland og vurdere moglegheita	150 000

					for eit vidare utviklingsprosjekt i samarbeid med UiS.	
2B.5	Digital formidling av bergkunst og andre arkeologiske kulturminne.	Rogaland fylkeskommune	2024-2026	Iverksett	Første versjon av formidlingssida blei lansert i 2025 med fokus på tilgjengelege bergkunstlokalitetar. Tiltaket blir vidareført i 2026 og vil omfatte fleire kulturminnetypar. Det inngår i fylkeskommunens formidlingssatsing og blir utvikla i samarbeid med museum og kommunikasjonsavdelinga.	Administrative ressursar
2B.6	Formidle kulturmiljø og kulturarv nær dagsturhyttene - Knutepunkt for kunnskap	Rogaland fylkeskommune	2023-2026	Iverksett	Tiltaket skal styrkje formidlinga av kulturmiljø ved dagsturhyttene i Rogaland. Det blir utvikla lokale kunnskapspakkar med skilt, QR-kodar, bøker og aktivitetsopplegg i samarbeid med kommunar og frivillige. Innhaldet blir tilpassa stadens eigenart og prinsipp for universell utforming. I 2026 skal det produserast og distribuerast kunnskapspakkar til fire nye hytter, med særleg vekt på barnevennleg formidling.	Administrative ressursar
2B.7	Kartlegging og betre tilrettelegging av skilta kulturminne	Rogaland fylkeskommune	2023-2025	Iverksett	Tiltaket skal styrkje tilgjenge og formidling ved arkeologiske kulturminne med informasjonsskilt. Det omfattar tilstandsvurdering, universell utforming og dialog med	150 000

					kommunane om vidareføring, vedlikehald eller fjerning av skilt. Arbeidet er delvis gjennomført, men utsett grunna avgrensa ressursar. I 2026 blir kartlegginga slutført, og prioriterte tiltak er å oppdatere eller fjerne utdaterte skilt og utarbeide plan for vidare tilrettelegging.	
--	--	--	--	--	---	--

Strategi 2C - Kunnskapsgrunnlaget

Oppdatere og utvide kunnskapsgrunnlaget om kulturminne, kulturmiljø og landskap

Me skal

- oppdatere og supplere oversikta over vesentlege regionale kulturmiljøinteresser
- utvide kunnskapsgrunnlaget om kulturmiljø i Rogaland gjennom samarbeid, kartlegging og digitalisering
- gjere god og oppdatert informasjon om kulturmiljø tilgjengeleg gjennom gode, brukarvenlege digitale løysingar.

	Tiltak	Hovudansvar	Varigheit	Status	Skildring	Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar
2C.4	Kartlegge arkeologiske kulturmiljø av regional interesse	Rogaland fylkeskommune, Arkeologisk museum, Stavanger maritime museum	2026	Iverksett	Tiltaket skal gi betre grunnlag for forvaltning og planlegging. Framdrifta er noko forsinka grunna manglande ressursar, og kartavgrensing er førebels ikkje utarbeidd. Arbeidet blir vidareført i samarbeid med Arkeologisk museum og Stavanger maritime museum. Målet er å leggje fram eit forslag for politisk behandling i 2027. Det skal gjennomførast faglege verkstader og dialog med kommunane.	Administrative ressursar
2C.5	Kartlegge kulturminne og kulturmiljø i dal, hei og fjell, særleg stølsdrift	Rogaland fylkeskommune	2025-2026	Iverksett	Asplan Viak er engasjert til å utarbeide kunnskapsgrunnlag. Første fase av kartlegginga blei gjennomført hausten 2025, og andre fase blir våren 2026. Målet er å leggje fram politisk sak og vurdere vidareføring som nytt prosjekt frå 2027.	200 000

2C.7	Hovudprosjekt: fagleg strategi for forvaltning av arkeologiske kulturminne i Rogaland.	Rogaland fylkeskommune, Arkeologisk museum, Stavanger maritime museum	2023-2026	Iverksett	Tiltaket skal gi oversikt over status og kunnskapsbehov for arkeologiske kulturminne i Rogaland og danne grunnlag for prioriteringar. Arbeidet blir vidareført i 2026 og utviklast i samarbeid med Arkeologisk museum, Stavanger maritime museum og Riksantikvaren, i samanheng med dei nasjonale bevaringsstrategiane.	Administrative ressursar
2C.10	Bygg og anlegg av høg arkitektonisk verdi – kartlegge og vurdere	Rogaland fylkeskommune og Stavanger arkitektforeining	2025-2026	Iverksett	Tiltaket skal identifisere og vurdere bygg med særleg arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi. Forprosjekt blei gjennomført i 2025 og har gitt grunnlag for vidare arbeid. Hovudprosjektet manglar førebels fullfinansiering. Det er søkt om eksterne midlar. I 2026 er målet å sikre finansiering og vidareføre arbeidet når midlar blir tilgjengelege. Prosjektet skal byggje på arkitekturguiden for Sør-Rogaland og utvikle ei kortfatta arkitekturhistorie for fylket.	400 000

Mål 3 – bruk og engasjement

I Rogaland kan alle engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø. Me nyttar kulturarv og kulturmiljø til å skape trivsel, tilhørse og unike opplevingar.

Strategi 3A- stadutvikling og engasjement

Bruke kulturmiljø som ressurs for å skape engasjement og levande og attraktive stader

Me skal

- styrke samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturarv– og kulturmiljøfeltet
- legge til rette for at frivillige – og andre engasjerte – kan ta vare på kulturminne, lage opplevingar, medverke i offentlege prosessar og på andre måtar ta del i kulturarven
- bidra til at immateriell og materiell kulturarv blir bevart og brukt som ein ressurs for lokalsamfunn
- ta i bruk stadanalyse som verktøy i utviklingsprosjekt slik at ein sikrar kunnskapsbasert og stadtilpassa utvikling
- legge til rette for bruk og gjenbruk av kulturminne og kulturmiljø i stadutvikling gjennom samarbeidsprosjekt, rettleiing, informasjon, gode planar og føringar.

	Tiltak	Hovudansvar	Varigheit	Status	Skildring	Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar
3A.1	Bruke kulturmiljø som ressurs i fylkeskommunens stadsutviklingsprosjekt	Rogaland fylkeskommune	Heile planperioden	Iverksett	Fylkeskommunen deltek i fleire stadutviklingsprosessar der kulturmiljø blir brukt som ressurs, og gir faglege innspel i dialog med kommunar og andre aktørar. Tiltaket er løpande og utviklast vidare i tråd med arbeidet for betre samordning av fylkeskommunale verkemiddel.	Administrative ressursar og fylkeskommunale tilskot

					Arbeidet legg vekt på heilskapleg planlegging, berekraft og kvalitet.	
3A.3	Sikre gode fysiske rammer for fartøyvernet	Kommunane	Hele planperioden	Ikkje iverksett	Fartøyvernet treng kaiplassar som legg til rette for bruk, vedlikehald og formidling. Dette er i hovudsak ei kommunal oppgåve, men fylkeskommunen kan bidra med å løfte temaet og leggje til rette for dialog. Stavanger kommune har tidlegare arbeidd med plan for veteranbåthamn, men prosjektet er mellombels stansa grunna investeringsstopp. I 2026 skal fylkeskommunen vurdere si rolle vidare, og løfte tematikken i relevante fora.	Administrative ressursar
3A.4	Opprette kulturmiljøråd i Rogaland	Rogaland fylkeskommune	2026	Ikkje iverksett	Eit kulturmiljøråd er tenkt som fagleg forum for samhandling, erfaringsdeling og rådgjeving i oppfølginga av regionalplanen. Tiltaket er førebels ikkje iverksett, då det blir vurdert i samanheng med etableringa av eit regionale kulturarvnettverk. Kulturarvforbundet har fått midlar til å etablere nettverk. I 2026 skal vi vurdere tidspunkt og innretning for oppstart, og om eit kulturmiljøråd kan inngå som del av eit regionalt nettverk.	Administrative ressursar

Strategi 3B - opplevingar og reiseliv

Fremje bruk av kulturarv og kulturmiljø i opplevings- og reiselivsnæringane

Me skal

- stimulere til at det blir utvikla fleire gode reiselivsprodukt der kulturarv og kulturmiljø vert nytta som ressurs.
- legge til rette for møteplassar og samarbeid mellom ulike aktørar i reiseliv, museum og frivilligheit

	Tiltak	Hovudansvar	Varigheit	Status	Skildring	Økonomisk ramme fylkeskommunale midlar
3B.1	Kraftturisme - Opplevelser i det Vest-Norske kraftlandskapet	Rogaland fylkeskommune	2026	Iverksett	Tiltaket vidarefører samarbeidet mellom Rogaland og Vestland fylkeskommunar om formidling av kulturmiljø knytt til vasskraft og kraftproduksjon. Hovudprosjektet vart avslutta i 2024, og i 2025 blei det gjennomført ei overgangsfase for å leggje grunnlag for varig drift. I 2026 held arbeidet fram med innkjøpt prosjektleiing finansiert av restmidlar frå hovudprosjektet. Rogaland fylkeskommune deltek fagleg og økonomisk, mellom anna i forprosjektet i Suldal kommune. Målet er å støtte utviklinga av kraftturisme som tema for nærings- og stadutvikling og bidra til varig driftsmodell for vidare samarbeid.	50 000

3B.2	Løfte forhistoria som satsingsområde i formidling og reiseliv, med særleg vekt på vikingtid i første omgang	Rogaland fylkeskommune	2023 - 2026	Iverksett	Tiltaket skal styrkje bruken av lokalhistorie i reiseliv og opplevingsnæring, med vikingtida som inngang til breiare historieforteljing. Etter forprosjekt, seminar og workshop i 2023–2025 blir arbeidet vidareført i 2026 i tråd med prosjektplanen. Fylkeskommunen deltek i eit nasjonalt samarbeid for å utvikle eit samla løft for vikingtid i norsk reiseliv. Mål for 2026 er å følgje opp regionale formidlingsprosjekt og felles forteljingar, styrkje samordninga mellom kulturarv og reiseliv. Samstundes skal vi i samarbeid med reiselivet arbeide vidare med å utvikle Vikingløypa gjennom Rogaland og knyte henne til Vikingveien i Vestfold og Telemark, slik at ho blir del av ei opplevingsrute tvers gjennom Noreg.	500 000
3B.3	Løfte kystkulturen i formidling og reiseliv.	Rogaland fylkeskommune	Hele planperioden	Iverksett	Tiltaket skal styrkje bruken av kystens kulturmiljø som ressurs for identitet, næring og levande lokalsamfunn, i tråd med den nasjonale bevaringsstrategien. Arbeidet omfattar prosjekt som Vibrandsøy for alle, Leidangснаustet, Kulturkvartalet i Egersund, M/S Skudenes, Levande kystkultur på Kvitsøy, Kystens avstikkarar, kystlynghei og ny rettleiar for sjøhus. I 2026 skal fylkeskommunen	500 000 800 000 i eksterne midlar

					følgje opp og vidareutvikle desse satsingane, med fokus på gode døme der kystens kulturmiljø blir brukt aktivt i samfunns- og næringsutvikling.	
--	--	--	--	--	---	--